

AIK Fotball

2019 -

KLUBBHANDBOK



Austevoll Idrettsklubb er ein av fleire idrettsklubbar i Austevoll Kommune.

Om Klubbhandboka

Føremål

Klubbhandboka skal fungere som eit verktøy for å kvalitetssikre all aktivitet i AIK Fotball. Klubbhandboka skal vere rettleiande for trenarar og leiarar i deira arbeid for klubben, samt synleggjere kva klubben krev av dei.

Ei klubbhandbok skal innehalde følgjande:

1. Klubbens visjon og mål
2. Klubbens verdigrunnlag
3. Klubbens lover
4. Klubbens organisering
5. Lagets organisering
6. Dommar organisering
7. Klubbdrift/rutinar
8. Økonomi – plan for økonomistyring
9. Informasjon/kommunikasjon
10. Rekrutteringsplan
11. Utdanning/kompetanse

Implementering

Klubbhandboka er eit levande dokument og er tilgjengeleg på heimesida til klubben. Alle involverte i klubben - trenarar, lagleiarar, foreldre og andre – blir informert om kvar ein finn handboka, om innhaldet og om kva som er føremålet med denne.

Klubben skal gå gjennom handboka med alle trenarane før kvar sesong, slik at dei kjenner innhaldet, og veit kva retningslinjer dei skal jobbe etter; både på og utanfor banen.

1. Klubbens visjon og mål

1.1 Visjonen:

Stolthet og glede

Stolthet:

Alle skal vere stolte av å vere med i fotballgruppa vår, og det skal vere kjekt å vere ein del av vårt fotballmiljø

Glede:

Alle skal bidra til å skape gode fotballøyeblikk på trening og kamper
Skape positive minner, som spelarar og andre kan glede seg over resten av livet

1.2. Målsetting i AIK Fotball

Overordna mål:

AIK Fotball si overordna målsetting er å legge til rette for at alle som ynskjer å spele fotball i klubben blir gitt eit godt tilbod - uavhengig av alder, ferdigheter og ambisjonar.

Generelle mål:

Alle i AIK Fotball skal føle tilhøyring og vera stolte av klubben sin.
AIK Fotball skal vera klubbstyrt, der det er klubben sine retningslinjer som gjeld.

Sportslege mål:

AIK skal arbeida for:

- Å ha eit herre A-lag i toppen av 4. divisjon , og eit herre rekrutteringslag i 6. divisjon.
- Å ha eit juniorlag i klubben vår.
- Å ha eit damelag (11-år) som spelar seg opp mot 3. divisjon.
- Å vera aktiv på å utdanne fleire trenarar og leiarar i klubben.
- Å ha eit sportsleg utval med sportsleg leiar , spelarutviklar og trenarkoordinator.
- Å ha ei leiing og eit støtteapparat som folk i Austevoll ynskjer å vera ein del av.

2. Klubben sitt verdigrunnlag

2.1 Verdisett

Samhald:

Felleskap; alle skal føle at dei er ein del av eit fellesskap i klubben vår

ALLE er med og driver klubben i fellesskap; spelarar, foreldre, besteforeldre, trenarar, lagleiarar, klubben – det er dette som skaper samhald

Alle hjelper til, trenarar, lagleiarar, spelarar, foreldre, klubben, sponsorer – og gjennom dette samhaldet så klarer me å drive klubben vår på ein god måte.
Me holder saman både når me vinner og når me taper

Tilhøyrighet:

Målet vårt er at alle skal føle at dei høyrer til i klubben vår, og skal vera stolte av å vere ein del av klubben

Samhald
Tilhøyring
Omdømme
Likeverd
Trivsel
Helse
Engasjement
Tryggleik

Omdømme:

Klubben skal legge til rette for at me har eit godt omdømme utad ved å ha gode retningslinjer og fokus på Fair Play

Spelarar og trenarar som reiser på kamp representerer klubben, og må sørge for at klubben sine verdier blir ivaretatt

Alle skal følge klubben sine retningslinjer når dei reiser på cuper og andre kamper

Likeverd:

Alle i fotballgruppa er like mykje verd

Klubben har eit tilbod til alle

Alle skal bli behandla bra, og ha eit godt tilbod i klubben

Trivsel:

Det skal vera kjekt å spele fotball i AIK, målet er at alle skal glede seg til treningar og kamper

Helse:

Forsikringer

Informere om rettigheter ved skade

Fokus på forebygging av skade

Rettt mengde trening til rett alder

Engasjement:

Me ynskjer at alle skal ha eit stort engasjement

 På treningar skal alle vere engasjert og gjere det treneren seier

 På kamper skal alle gjere sitt beste

 Foreldre og andre skal heie og støtte laga våre – i medgang og i motgang

 Engasjement på tribunen – positivt engasjement

Tryggleik:

Klubben har retningslinjer ved reise til kamper

Det skal vere trygt å vere på banane våre

Alle skal føle seg trygge på trening og i kamp

Verdiane våre skal vere forankra i alt arbeid som blir gjort i fotballgruppa vår, og alle i AIK Fotball skal kjenne til og jobbe etter desse verdiane.

2.2 Fair Play – gode haldningar for alle i AIK Fotball

AIK Fotball har eit stort fokus på Fair Play, og alle i vårt fotballmiljø skal ha gode haldningar på treningar og kampar. Dette gjeld for styremedlemmer, spelarar, trenarar, lagleiarar, foreldre og andre involverte.

2.3 Årlege møter

Før sesongstart skal det haldast eit årlig møte for alle lagleiarar og trenarar.

Det kan vera aktuelt å arrangera 2 møter, sidan me blir fleire og fleire lag. Det naturlege vil då vera å ha eit møte for laga opp til 12 år, og eit møte for laga frå 13 til 19 år.

Etter sesongslutt skal det haldast evalueringsmøte.

Lag i seniorfotballen har og eit årleg møte før sesongstart, og eit evalueringsmøte etter sesongslutt. Desse møtene er for spelare og trenare.

Ein kvalitetsklubb er avhengig av at dei grunnleggjande verdiane og retningslinjene er forankra hos alle på alle nivå. Klubben skal difor halde årlege møter på alle nivå i klubben for å sikre dette, og målgruppene er trenarar/leiarar, spelarar og foreldre/føresette. På denne måten vil ein sikre at medlemmane er godt kjent med og støtter opp om klubbens arbeid.

Klubben skal halde eit årleg møte om verdjar, retningslinjer, Fair play og eitt tema frå «Trygge rammer».

2.4 Trygge rammer

All aktivitet i Austevoll IK skal byggje på NFF sine verdjar som tryggleik, glede, respekt og likeverd.

Aktivitetane skal gå føre seg innanfor rammer der alle opplever tryggleik. Det inneberer klare haldningar, praksisnære retningslinjer og bekjempelse mot rusmidlar, doping, mobbing, vold, rasisme, diskriminering, seksuelle overgrep og trakassering. Trivsel og tryggleik er fundamentalt viktig for god sportsleg utvikling, og ein klubb som har ei tydeleg kommunisert og gjennomarbeida haldning og praksis på dette feltet, vil kunne få auka rekruttering, mindre fråfall og godt omdømme. Ein kvalitetsklubb skal velje seg (minst) eitt tema årleg og gjere seg kjent med tema, utarbeide og implementere retningslinjer for alle aktivitetar i klubben sin regi.

3. Klubbens lover

Austevoll IK fylgjer Norges idrettsforbund sine lover.

Les meir her: <http://lovdata.no/dokument/NIFL/niflov/2011-05-08-1>

4. Klubbens organisering

4.1 Årsmøtet

Årsmøtet er klubbens høgaste myndighet og blir halde kvart år i mars månad.

For å ha stemmerett og vera kandidat må eit medlem ha fylt 15 år, vore medlem i klubben i minst éin månad og ha betalt kontingent.

Innkalling til årsmøtet blir annonsert på klubben si heimeside.

Årsmøtet legg grunnlaget for klubben si verksemd og styret sitt arbeid. Alle som ynskjer å vera med på å bestemme kva klubben skal gjere, og korleis den skal drivast, bør delta på årsmøtet.

Protokollen frå årsmøtet bør leggjast ut på klubben si heimeside.

Kvar gruppe kan ha eige årsmøte i si gruppe. Dette skal haldast seinast 14 dagar før årsmøtet i klubben. Formenn/leiar i dei ulike gruppene er med som styremedlem i hovudlaget.

4.2 Organisasjonskart

www.aik.no

4.3 Rolleskildring

Fotballgruppa har utarbeida eit eige organisasjonskart med rolleskildringar.

www.aik.no

4.4 Målgruppe

- ✓ Barnefotballen 5 – 12 år
- ✓ Ungdomsfotballen 12 – 19 år
- ✓ Seniorfotball

4.5 Styret i fotballgruppa 2018-2019

Styrets viktigaste funksjon er å leggja til rette for best moglege rammer rundt aktiviteten på alle plan.

Leiar:	Arne Møgster
Styremedlem:	Helge Vestrheim
Styremedlem:	Bjarte Haugland
Styremedlem:	Irene Waage
Styremedlem:	Wenche Blix
Styremedlem:	Anders Tøsse
Dagleg leiar:	Trond Fredrik Ludvigsen

5. Lagets organisering

5.1 Trenar

- ✓ Har ansvaret for det sportslege tilbodet og vera kjent med klubbens Sportsplan
- ✓ Treningsopplegg og treningar
- ✓ Laguttak
- ✓ Kampleiing
- ✓ Delta på klubben sine trenar- og oppmannsmøter
- ✓ Spelarsamtaler/-møter
- ✓ Fylgje opp kvar einskild spelar best mogleg
- ✓ Samarbeide med lagleiar og trenarteamet for å skape eit godt miljø i gruppa/laget
- ✓ Ta trenarkurs
- ✓ Ansvarleg lagleder /trenar skal være den siste som forlater en ryddet garderobe etter kampen.

5.2 Lagleiar

- ✓ Lagleieren er laget sin administrative leiar og har ansvar for at alt praktisk fungerer rundt laget.
- ✓ Lagleiar har ansvar for organisering av laget sine aktivitetar.
- ✓ Oppdatering av spelarlistar (spelarens namn, fødselsdato, adresse, føresette sin e-post/tlf)
- ✓ Orienterare administrativ leiar fortløpande om spelarar som kjem til og spelarar som sluttar
- ✓ Arrangere foreldremøter
- ✓ Vera kjent med klubben sin Sportsplan og klubbhåndbok
- ✓ Ansvarleg for påmelding til cupar
- ✓ Ansvarleg for påfyll av utstyr og fyrstehjelpskoffert
- ✓ Ansvarleg for rett utfylling av dommarkort,/kamprapport signering og kontroll av kortet etter kamp. Sende kamprapporten på FIKS.
- ✓ Ansvarleg for å få dommar-rekning frå dommaren, sørge for at kontoret får dei inn innan dagen etter kamp. Yngre lag betaler dommar-rekningen sjølv, og sender rekninga til kontoret for å få refundert utgiftane.
- ✓ Ansvarleg for intern registrering av gule/raude kort, og oversikt over når spelarar skal stå over pga. karantene.
- ✓ Ansvarleg for omberamming av kamper
- ✓ Logistikkansvarleg ved bortekamper
- ✓ Bestille garderobar til heimekampar og ansvarleg for rydding etter trening/kamp
- ✓ Delta på klubben sine trenar- og oppmannsmøter

6. Dommar organisering

6.1 Registrering av kampar

Dommarar må registrera ALLE kampane dei ikkje står oppført på.

Dette må gjerast på følgane måte;

Det som er ønskelig er at kamper de dømmar som ikke ligger inne på dommersiden deres meldes inn til Eli Hauge (Fotballkretsen) etter kamp. E-postadresse er: eli.haugen@fotball.no

Dei treng dato, kampnr, og lag. Har du eit dommarnr, so bruk det i tillegg til namn.

Hvis de ikke har kampnr. må ho ha klasse.

6.2 Godtgjersle

Alle dommarrekningane leggjast i postkassa ved klubbhuset same dag som kampen er spela.

Om lagleiar/trenar betaler ut dommarhonorar i barnefotballen, skriv dei sitt eige kontonr på kvitteringa. AIK følger dommarsatsar satt av Hordaland Fotballkrets. Sjå forøvrig også punkt 6.3

6.3 Dommarrekningar:

Rutinar i Hordaland Fotballkrets (HFK):

1. Dommar leverer dommarrekninga til arrangerande klubb v/ lagleiar etter kampslutt.
2. Dommarrekninga skal vera korrekt utfylt med dei opplysningane skjemaet spør etter.
3. Klubben overfører pengar omgåande, seinast innan 10 dagar og skriv kva kamp det blir betalt honorar for.
4. Dersom pengane ikkje kjem, kan dommar sende ei påminning til arrangerande klubb med kopi til kretsen.
5. Dersom betalinga fortsatt manglar etter 15 dagar, sender dommaren rekninga til HFK.
6. Dommarrekninga sendast til HFK v/ Eli Hauge på e-post: eli.haugen@fotball.no og HFK utbetaler denne.
7. Kretsen sender deretter faktura til klubben, dommarrekninga + eit gebyr på kr 300,-.

6.4 Utstyr

Dommarane som dømmar for klubben kan ta ut eit dommarsett (drakt og shorts).

Når ein har dømt og fått registrert 15 kampar er drakta dommaren si.

6.5 Dommarsamling

Dommaransvarleg arrangerer dommarsamling før kvar sesong. Fleire samlingar ved behov.

6.6 Dommarkurs

Klubben dekkjar dommarkurs ,og event reiser når ein tek dommarkurs for klubben.

Klubben kan dekke samlinger i løpet av sesongen,men dette skal avtalast på førehand.

7. Klubbdrift/rutinar

7.1 Dugnad

I fotballgruppa skal alle lag ta sin del av dugnadsarbeidet. Klubben seier at:

- ✓ Alle lag med treningstid i hallen, skal delta i hallvaktordning
- ✓ Laga skal stå i kiosk på senior-laga sine kampar etter liste
- ✓ Laga våre som deltek på Austevollserien må pårekna dugnad på dette arrangementet
- ✓ Dans - alle lag stiller med 1 vakt
- ✓ Alle laga får oppsett ryddeveka i løpet av sesongen
- ✓ Seniorlaga har ein felles dugnad på anlegget før sesongstart

7.2 Cup deltaking

Alle lag skal få tilbud om å reise på cupar. Alle spelarar på laget skal få tilbud om å delta på cupar. Dei to første åra i barnefotball anbefaler klubben at laga reiser på cupar som går over éin dag, utan overnatting. I alderen 9 - 12 år bør laget få tilbud om tre cupar i året, der éin av desse er ein sommarcup med overnatting.

- ✓ Klubben dekkjer påmelding til cupar etter følgende satser;
Lag i ungdomsfotballen: Kr 3500,- pr sesong pr lag.
Lag i barnefotballen: Kr 2500,- pr sesong pr lag.
Lag i barnefotballen som ikkje er med i serie: Kr 4000,- pr sesong pr lag.
- ✓ Spelarane kan dekkje utgifter til maks 2 trenarar/leiarar. Desse har då ansvar for spelarane (oppførsel, mat, søvn).
- ✓ Ein oppmodar foreldra til å vera med på cup. Foreldrevett-reglane gjeld, og alle må respektere klubben sine haldningar til rusmidlar.
- ✓ Alle spelarar som er med på cup, skal få speletid i kampane.
- ✓ **Nulltoleranse for rusmiddel for spelarar og lagleiarar.**
- ✓ Hugs at du representerer AIK.

Ved påmelding i høgare årsklasser skal Sportsleg utval ha beskjed innan god tid og ha godkjent påmeldingen.

Klubbens lag i seniorgruppa deltek på «Vinterserien» og kan delta på andre lignande cupar/seriar etter avtale med sportsleg leiar i klubben.

7.3 Treningsleir

Alle lag kan reise på treningsleir etter avtale med klubben. Det er laget sjølv som må dekke alle utgifter. Alle på laget skal ha tilbud om treningsleir.

7.4 Reglar for køyring

Klubben dekkar ferjeutgiftar for spelare, trenare og lagleiar.

Klubben dekkar ferjeutgiftar for opptil 4 bilar for 11år- og 9år lag.

Klubben dekkar ferjeutgiftar for opptil 3 bilar for 7år- og 5år lag.

Me tar ikkje meir bilar med enn behovet.

- ✓ Følg trafikkreglane og køyr forsiktig.
- ✓ Godkjente bilbelte til alle.
- ✓ Køyr aldri med for mange personar i bilen.
- ✓ Når laga i AIK Fotball reiser på kampar, så representerer dei klubben vår.
- ✓ Både lagleiarar, foreldre, trenarar og spelarar skal visa god oppførsel .

Konvoluttane/reiserekning SKAL førast på kvart kort. Dei som ikkje leverer reiserekning får ikkje påfyll på ferjekortet og må betala reisa sjølv.

Konvoluttar ligg på klubbhuset.

7.5 Fotballforsikring

If Skadeforsikring er, fra 1. mars 2017, NFFs samarbeidspartner på Fotballforsikringen

Generelt

Fotballforsikringen 2018 gjelder fra og med 1. mars 2018 til og med 28.februar 2019.

Fotballforsikringen er en kollektiv forsikring fremforhandlet av NFF på vegne av medlemmene.

All kommunikasjon vedrørende Fotballforsikringen vil være elektronisk.

Forsikringsbevis- og vilkår finner du på www.fotballforsikring.no

Det er klubbens ansvar å informere alle sine medlemmer om Fotballforsikringen

Forsikring av barn 0-12 år (NIFs Barneidrettsforsikring)

Gjensidige Forsikring er Norges Idrettsforbund sin samarbeidspartner.

Barneidrettsforsikringen gjelder opp til den dagen spilleren fyller 13 år.

Barneidrettsforsikringen er innlemmet i Skadetelefonen.

Kravet for å være dekket av Norges Idrettsforbund sin Barneidrettsforsikring er at tiltaket der skaden oppstår skal være i regi av et idrettslag/klubb.

Lagsforsikring 13-19 år

Det er klubbens ansvar at spillere har *gyldig forsikring.

*Gyldig forsikring 13-19 år

Spillere må være registrert som aktive med lagsforsikring i Fotballens Informasjons og kommunikasjonssystem (FIKS) inneværende sesong.

Lagsforsikring senior

Det er klubbens ansvar at spillere har *gyldig forsikring.

*Gyldig forsikring senior

Forsikringspremien for det aktuelle laget må være betalt av klubben innen fastsatt frist og spillerne må være registrert som aktive med lagsforsikring i Fotballens Informasjons og kommunikasjonssystem (FIKS) inneværende sesong.

SPILLERE UTEN GYLDIG FORSIKRING

- ✓ ER IKKE FORSIKRET
- ✓ ER IKKE SPILLEBERETTIGET
- ✓ HAR IKKE TILGANG TIL SKADETELEFONEN

Faktura for lagsforsikring for påmeldt lag senior blir sendt klubbene via e-post fra NFF i mars måned.

Betalingsfrist for lagsforsikring senior er 14 dager.

Betales forsikringspremien innen fristen vil spillerne på det aktuelle laget være forsikret med virkning fra 1. mars 2018.

Dersom lagforsikringen ikke betales innen betalingsfristen innebærer dette at ingen av spillerne er forsikret, verken på trening eller i kamp.

Trekking av lag

For påmeldte lag som trekkes innen 1. mars får klubben tilbakebetalt hele forsikringspremien

For påmeldte lag som trekkes innen 1. mai får klubben tilbakebetalt 75 % av forsikringspremien

For påmeldte lag som trekkes 1. mai eller senere må klubben betale hele forsikringspremien

Trener, leder og dommer

Alle klubbens aktive registrerte (i FIKS) trenere, ledere og dommere er dekket av grunnforsikringen.

Utvidet forsikring

Utvidet forsikring kan kjøpes for spillere og dommere i alle aldersgrupper og bestilles elektronisk via www.fotballforsikring.no

7.6 Politiattest

www.aik.no

7.7 Kontingent

Kontingentsatsar blir vedteke på årsmøtet til Austevoll Idrettsklubb

Kontingent satsar 2019:

Aktiv medlem kr 1500,-

Familiemedlemskap/Husstandsmedlemskap kr 3600

Støttemedlem kr 450

7.8 Arrangement

- Fotballskule
- Austevollserien
- Julacup

Øvrige arrangement blir kunngjort i god tid.

7.9 Gjennomføring av heimekampar

Klubben gjennomfører sine heimekamper etter NFF sine retningslinjer.

Kampvert:

Austevoll IK skal ha kampvert på alle heimekampane både i barne- og ungdomsfotball.

Kampverten skal bidra til å skape gode rammer og gode opplevingar for alle involverte i kampane.

Foreldre på laget skal på rundgang vere kampvert.

Kampvert skal ha på seg gul «Kampvert-vest».

Kampvertens oppgåver:

- Ta i mot gjestande lag og ynskje motstandar velkomen
- Ta i mot dommar og vera ei støtte for dommar ved behov
- Sørge for gjennomføring av Fair play helsing før og etter kamp (saman med trener/lagleiar) - Positiv merksemd mot tilskodarar og trenar. Gripe inn om naudsynt
- Takke motstandar for kampen og ynskje dei velkomen tilbake
- Ansvarleg for at garderober og bane er rydda etter kamp
- Publikum har sjølvstilt lov å heie og lage liv på tribunen, men det skal berre seiast positive ord.

Og hugs at det er trenaren som skal dirigere laget!

7.10 Retningslinjer for materiell/utstyr

Klubbens utstysleverandør frå 2015-2019 er Macron.

Alle AIK lag, og samarbeidslag som blir styrt av AIK, skal nytta utstysleverandøren Macron.

Klubbfargar:

Klubbens farger er;

Drakt: Oransje

Shorts og strømpjer: Sort

Dette gjelder alle AIK lag, også samarbeidslag som blir styrt av AIK.

Sponsing av enkeltlag:

AIK forhandlar fram samarbeidsavtalar for alle lag.

Ingen lag kan forhandla fram samarbeidsavtalar utan godkjenning frå klubbens styre.

Prosedyre for bruk av draktsett:

Draktsetta er Austevoll IK Fotball sine, og er på utlån til spelarane.

Det er ikkje lov å trykke namn på draktar eller shorts.

I dei tilfella dette blir gjort må spelar sjølv betala klubben for draktsettet.

Draktsett skal leverast ut før sesongstart. Desse draktene fylgjer laget til dei blir for små. Ser ein ved sesongslutt at draktene må skiftast til neste sesong, må alle samlast inn etter siste kamp om hausten. Om nokon sluttar på laget, må ein få inn drakta omgåande.

- Drakter skal leverast vaska.

- Barnefotball får utdelt ein draktoverdel.

- Ungdomsfotballen får utdelt drakt, shorts og sokkar

- Seniorfotballen får utdelt drakt, shorts og sokkar. I tillegg får dei utstyr etter avtale frå klubbens utstysleverandør.

Når ein sluttar i klubben, må ein levera alt inn att. Dei som ikkje leverer inn, vil bli fakturert.

Drakter som skal skiftast ut vil gå til yngre lag eller velgjerrande formål, og vil såleis spreie glede og vera til nytte for andre.

Fotballar:

- Hovudtrenar har ansvar for fotballane.

- Alle nystarta lag i AIK får utlevert ballar av klubben.

- Klubbane avgjer kva type ballar, kvalitet og mengde etter sportslege kriterium og skjønn.

- Fotballane kan oppbevarast på eige ansvar i kjellaren i klubbhuset.

- Fotballane fylgjer laget frå år til år, og bytast berre ut når dei er utsliten, ved endring av -storleik eller andre årsaker bestemt av klubben. Mista ballar skal erstattast av laget.

- Fotballar som laget får utdelt, treng ikkje vera nye. Brukte ballar blir vurdert som akseptabelt av klubben.

- I seniorgruppa skal hovudtrenar/lagleiar laga interne ordensreglar saman med spelargruppa. Dette skal sørgja for at fotballane blir teken vare på.

- Alltid telja over ballar ein tek i bruk før trening /kamp. Ein skal alltid ha like mange ballar før og etter trening. Elles so er ikkje treninga over.

Utstyr til trenar/lagleiar:

Alle som er tilknytt laga og som er regelmessig på trening og kamp får etter behov jakke, gensar og bukse frå klubbens utstyrsleverandør. Det er klubbens utstyrs utval som tildelar utstyret.

I tillegg får alle som er trenar eller lagleiar 50% rabatt på øvrig utstyr.

Gensar er lagetets representasjonstøy og skal såleis brukast under kamp. (jakke/bukse etter behov)

Utstyr til styremedlemmar og administrativ leiar:

Alle styremedlemmer og dagleg leiar, som representerer klubben på møter, kamper og lignande kan ta ut utstyr frå klubben sin utstyrsleverandør for opp til kr 2000,- pr år.

Kleda skal brukast når på arrangement og samlingar.

8. Økonomi

NIF si basislovnorm seier fylgjande:

Heile idrettslaget heftar for gruppene/avdelingane sine økonomiske plikter og ansvar, og grupper/avdelingar kan ikkje gjere avtalar eller representera idrettslaget utetter utan godkjenning frå styret. Dette inneberer mellom anna at det berre er laget styre (hovudstyre der laget har grupper/avdelingar med egne styrer) som kan foreta tilsettingar og inngå sponsorkontraktar.

8.1 Budsjett og rekneskap

Alle gruppene i AIK har egne budsjett og rekneskap. Budsjett skal leggjast fram til kvart årsmøte, og rekneskap skal leggjast fram 2 gongar i året. Rekneskapet førast av Hordaland Idrettskrets, og bli revidert av valte revisorar.

8.2 Økonomistyring og kontanthandtering

Rekningsbetaling:

Dagleg leiar i Austevoll IK disponerer fotballgruppa sine kontoar ilag med ein person frå styret. Om ein har utgifter ein skal ha dekkja i fylgje avtale, må ein levera kvitteringar i postkassa ved klubbhuset eller pr e-post til post@aik.no

Bilgodtgjersla/reiserekningar:

Trenarar, lagleiarar og styremedlemmer som har avtale om å få dekkja utgifter til køyring i samband med oppgåver utført for klubben, pliktar å levera godkjent skjema før godtgjersla blir utbetalt. Alle kvitteringar på ferje o.l skal leggjast ved. Alle reisande skal bruka ferjekort. Har ein ikkje ferjekort, kan ein få låna på kontoret. Eigne konvoluttar til kvitteringar kan hentast på kontoret.

Trenargodtgjersla:

Trenarar og lagleiarar som deltar med sine respektive lag på cupar, får dekkja sin deltakaravgift av sine respektive lag. (T.d deltakarkort) Reiseutgifter utanom ferje må dekkast sjølv.

Ferjekort:

FØR 1.APRIL 2019:

Alle laga får tildelt 1 ferjekort kvar i sesongen, og lagleiar/trenar har ansvar for dette.

Når ein skal fylle på ferjekortet kan ein gjera det på fylgjande måte:

1. Du kan kjøpa nytt kort, og skanna kvitteringa til kontoret. Pengane vil då bli sett over fyrste arbeidsdag på kontoret.
 2. Ein kan også kontakta kontoret i forkant. Kontoret set då over sum for nytt ferjekort til konto. Etter påfyll må ein senda inn kvitteringa, enten ved skanning eller i postkassa.
- Konvoluttane/reiserekning SKAL førast på kvart kort.

Dei som ikkje leverer reiserekning får ikkje påfyll på ferjekortet og må betala reisa sjølv.

Konvoluttar ligg på klubbhuset.

Kiosken:

Alle laga får tilgang til kiosken under sine kampar. Her kan ein selja det ein ynskjer under sine kampar. Sel de noko av fotballgruppa sine varer, legg de pengane i skrinet/konvolutt.

Alle laga i ungdomsfotballen får tildelt kioskdugnad på A-kampane.

Alle laga i barnefotballen får tildelt kioskdugnad på Austevollserien.

Ved alle arrangement går inntektane til fotballgruppa.

Alle laga får 1 gong kvar, og kioskansvarleg setter opp lister og sender ut informasjon i god tid før arrangementene.

Kioskpengar SKAL teljast opp av to personar over 18 år, og signerast. Egne konvoluttar nyttast.

Ved sal av billetter, SKAL billettpengar teljast opp av to personar over 18 år, og signerast.

Egne konvoluttar nyttast.

8.4 Lagkasse

Det er ikkje lov med private bankkontoar til lagkasse i AIK.

Klubben kan oppretta konto for kvar årsklasse om ynskelig. Då disponerer ein utvalt forelder i tillegg til dagleg leiar den.

Pengane skal brukast til relaterte kostnader til laget. Dersom spelarane sluttar, vil pengane dei har vore med på å tena gå til resten av laget. Når laget skal slå seg saman med andre lag, skal summen av pengane som er igjen etter sesongslutt fylgje dei spelarane som fortset opp i det saman-slegne laget. Skulle eit lag bli oppløyst, vil pengane gå til klubben.

All økonomi skal bokførast i fotballgruppa sitt rekneskap.

Kvart lag leverer kontoret rekneskap over sin konto.

8.5 Økonomisk fordeling mellom klubb, lag og utøvar

Klubb:

- ✓ Lagpåmelding til HFK
- ✓ Godtgjersla trenarar, trenarutvikling, spelarutvikling.
- ✓ Påmeldingsgebyr til sær krets
- ✓ Kostnadar til leige av lokale
- ✓ Trenarkostnadar
- ✓ Spelardrakter og keeperutstyr
- ✓ Klubbutstyr, ballar, nett, teknisk utstyr
- ✓ Medisinkoffert
- ✓ Ferjekort
- ✓ Sosiale tiltak
- ✓ Spelarutviklingstiltak
- ✓ Trenarutvikling/kurs leiarar
- ✓ Utstyr til alle lag og trenar/leiar
- ✓ Nedbetaling av lån på bygg, kunstgrasbanar og hallar
- ✓ Kostnadar til drift/vedlikehald av anlegg:
banar, garderober, publikumsfasilitetar, spelarfasilitetar, lagfasilitetar
- ✓ Reisekostnadar
- ✓ Dommarkostnadar serie
- ✓ Dommarkostnader NM,
- ✓ Rekneskap/revisjon
- ✓ Medisinsk utstyr/skader. Behandling etter avtale

Lag:

- ✓ Ser til at utøvarane overheld sine økonomiske plikter til klubben
- ✓ Sørgjer for at ballar og resten av klubbens egedeler blir teke godt vare på
- ✓ Sette opp lister over køying, dugnad og kiosk til internbruk i laget
- ✓ Dommarkostnadar treningskampar

Utøvarar:

- ✓ Betala medlemskontingent til hovudlaget (Fotballgruppa dekker for a-lag)
- ✓ Betala evt aktivitetsavgift til fotballgruppa
- ✓ Ta vare på drakter, ballar og klubben sitt utstyr. Behandla bygningar og inventar med respekt. Hugs å rydde etter dykk når dykk får låna garderobar og liknande.
- ✓ Spelardrakter skal berre brukast på kamp

9. Informasjon/kommunikasjon

9.1 Meld skade

Fotballforsikring.no

9.2 Trenarforum

Klubben arrangerer 1-2 trenarforum i løpet av året.

9.3 Trenar og lagleiar møte / Kick-off / Sponsortreff

Klubben arrangerer kvart år trenar / lagleiar møte i forkant av sesong, og elles ved behov.

Klubben arrangerer kvart år kick-off og sponsortreff i forkant av sesong, og elles ved behov.

9.4 Foreldremøte

Austevoll IK stiller på foreldremøter før sesongen dersom det er ynskelig, og elles ved behov.

9.5 Linkar

Fiks.no

Treningsøkta.no

Fotball.no

Aik.no

Austevoll IK Fotball er og på sosiale medier

10. Rekrutteringsplan

Austevoll idrettsklubb ynskjer å ha fotballag for gutar og jenter allereie frå det fyrste året dei byrjar på skulen.

For at me skal klare dette er me avhengig av at det er foreldre i dei ulike årskulla som stiller som trenarar/lagleiarar.

Vårt hovudmål er å ha lag for gutar og jenter i alle årsklassar.

10.1 Foreldre kjem til klubben og seier dei ynskjer å starte eit lag:

- ✓ Klubben legg til rette for dette og gjev laget utstyr og treningstider. Ansvarleg for barnefotball kan vera med på dei fyrste treningane for å rettleia dersom det er ynskjeleg frå trenarane.
- ✓ Klubben sørgjer for at alle trenarane i barnefotballen får gjennomført kurs i barnefotball. Det blir gjennomført sesongoppstartsmøte før kvar sesong og det skal elles sørgjast for at trenarar/lagleiarar får tilbod om diverse kurs i regi av AIK Fotball.

10.2 I dei klassane der oppstartinga av nye lag går tregt, skal AIK Fotball ta initiativet til dette. Dette skal gjerast på fylgjande måte:

- Aktivt bidra på den årlege Fotballskulen i juni, for å kartleggja interessa blant dei som skal byrja på skulen same året. Informasjon om påmelding sendast til barnehagar og SFO.
- Leggje ut informasjon om oppstarting av nye lag på AIK sin heimeside.
- Snakka med aktuelle foreldre, eventuelt laga til blanda lag med gutar og jenter.
- Invitera til foreldremøte, for å fortelje om klubben sin visjon. Bevisstgjere viktigheta av foreldrerolla.

11. Utdanning/Kompetanse

11.1 Styret

Leiarkompetanse er avgjerande for god styring av klubben. NFF sin leiarutdanningsstige sikrar fotballspesifikk leiarkompetanse til handtering av utfordringar i styrevervet. Ein kvalitetsklubb har sett utdanning av styret i system.

Fleirtalet i klubben sitt styre skal ha NFF sitt Leder 1-kurs.

11.2 Trenarar

Trenarkompetanse er eitt av NFF sitt viktigaste satsingsområde. Dyktige trenarar er avgjerande for kvaliteten på aktivitetane. Ein kvalitetsklubb har sett utdanning av trenarar i system. Gjeldande krav til trenarkompetanse er:

– BARNEFOTBALL (6-12):

- Ein trenar pr. lag med minimum barnefotballkvelden
- Ein trenar pr. årskull med minst eitt delkurs frå C-lisens

– UNGDOMSFOTBALL (13-19):

- Ein trenar pr. lag med ungdomsfotballkvelden
- Ein trenar pr. årskull med C-lisensutdanning

Klubben sine trenarar skal ha kompetanse.

12. Årshjul

Fotballåret har sin eigen syklus. Det er tidsfristar å halde seg til, «må-oppgåver» og ein rekke ting som skal på plass for å gjera fotballkvardagen best mogleg for flest mogleg. For å sikre ryddighet og oversikt har klubben utarbeidd sitt eige årshjul.

Her finn du oppgåver som skal gjerast, arrangement som skal gjennomførast og prosjekt som skal setjast i gong.

Årshjulet inneheld dato og tidsfristar som er nyttige for planlegging av sesongen.